

Til sesongstart med nye, flotte fotballdrakter frå Spar.

07.04.2017



J11 i dei flotte nye draktene.

**No er det like før fotballen rullar for fullt! Svært mange gutar og jenter i Uskedalen er aktivisert gjennom dette. Fleire av laga har fått nye drakter, og stiller svært så veldressa til sesongstart. Ein svært takksam Kjetil Myklebust fortel at både J9 og J11 har fått nye kampdrakter frå Spar Uskedalen.**

- Vi er svært glade for den støtta som vi får frå Spar Uskedalen. Dei er aldri vanskelege å spørja og dei stiller alltid opp, rosar fotballeiaren og fortel at både J9 og J11 går til sesongstart med nye kampdrakter frå Spar. Sjølv sagt er dei grøne i fargen med litt kvitt slik Uskedals-draktene alltid har vore.
- Draktene til J11 er komne medan J9 sine drakter er på veg.

Det er Hege Lekva som trenar J11-laget medan Børge Bondhus og Kenneth Steinsleitten trenar J9-laget.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland  
Foto: Hege Lekva